

BOKN BYGDABLAD

NR 1 - FEBRUAR 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

FØRESVIK RESERVEFERJELEIE FOR ARSVÅGEN?

Statens Vegvesen i Rogaland har i eit brev til Bokn kommune tatt opp spørsmålet om aktuelle plasseringsalternativ for reserveferjeleie for Arsvågen.

Fire alternativ er opplista. Det er: Hålandssjøen, Føresvik, Tåganes og Skudeneshavn. Frå vegvesenet si side meiner dei at Skudeneshavn er lite tilfredsstillande både p.g.a. ei lang og ubehageleg sjøreise, og fordi ferjene likevel kanskje må gjera vendereis. I tillegg vil Skudeneshavn krevja eit komplisert opplegg dersom det skal oppnåast eit tilfredsstillande varslingsanlegg for trafikantane i tilfelle stenging av Arsvågen. Dei tre andre alternativa er alle tilfredsstillande, men Føresvik vert tilrådd som det beste alternativet. Kostnadene ved å velja Føresvik vil totalt bli kr. 5,8 millionar. Ein tenkjer seg kostnadene inndelt i to faser, kor første del vert 0,6 mill. Det vil då i første fase bli bygd 3-4 møteplassar på strekninga frå Føresvik og fram til

krysset ved Boknabergsvatnet kor vegen går over i to-feltsveg. Ein vil at køen av bilar til ferje i Føresvik skal ha oppstilling i det kanaliserte krysset ved Knarholmen, og at dei ikkje får kjøra på ferja før bilane frå ferja er forbi krysset ved RV 1 ved Knarholmen. Det vil då berre ta 3-4 minutt for dei ventande bilane som skal på ferja å kjøra til Føresvik og inn på ventande ferje.

I fase to er det tenkt at heile vegen frå Føresvik og fram til to-feltsveg i krysset ved Boknabergsvatnet vert bygd ut etter godkjend plan av 1991. Ein meiner at fase 1 vil ha ei tidsramme på 2-3 år.

Dersom planane vert sett ut i livet vil vegvesenet overta vedlikehaldsansvar på Føresvik kai, og byggja ny ferjelem.

Vegkontoret ber om at Bokn kommune vurderer det framlagde opplegget.

MED SPEIDAREN GJENNOM 1993

Speidaren på Bokn - 1. Bokn KFUM - Bokn 1. KFUK har 57 medlemmer fordelt på 41 speidrarar (10-16 år), 8 roverar og rangerar (16 år og oppover) og 8 vaksne leiarar.

Speidartroppa er delt inn i jentepatruljene Lemen, Hakkespett og Havfrue og gutepatruljene Hjort, Varg og Havørn. Patruljene vert leia av patruljeførarar og assistentar(dei eldste av ungane). Dei kan elles vera organisert med eigen kasserar, leikmeister, sagaskrivar, hulevakt etc.

I speidarhuset (det gamle bedehuset på Austre Bokn) har patruljene kvar sine rom kor dei har utstyret sitt, og her held dei møta sine i den mørke årstida. Dei fleste møta er patruljemøte som vert planlagde og leia av patruljeførarane og assistentane. Ein gong i månaden har me troppsmøte - fellesmøte.

Førarpatrulja (patruljeførarane og assistentane og dei vaksne leiarane) har og møte ca. ein gong i månaden for å diskutera programmet og avgj rapport og for å ha det kos - inspirasjonsmøte med andre ord.

Innhaldet i speidarmøta er styrt av eit program i ti punkt. Det er:
Kristendom - speidarkjennskap - førstehjelp - friluftsliv - naturkjennskap - nevenyttighet - sansetrening/fysisk trening - opptreden - nærmiljø og utsyn - teneste. Programmet er eit hjelpemiddel til å ta vare på heile

mennesket - nemleg det sjellelege - det åndelege/kulturelle - det lekamlege.

Alle speidarane må avleggja speidarløfte der dei lovar "med Guds hjelp å tena Gud - hjelpa andre og leva etter speidarlova". Innhaldet i speidarlova er kort sagt summen av den kristne etikken.

Me legg stor vekt på å vera ute i naturen. Eit patruljemøte kan såleis godt foregå på toppen av Boknafjellet og eit troppsmøte mellom gamle husmurar i Ådnaneset. Leik og konkurranse pregar sterkt aktivitetane våre.

I 1993 hadde 1.Bokn/Bokn1. 26 patruljemøte, 8 førarpatruljemøte, 11 troppsmøte. Me var på 4 helgeturar og tok del i 2 Gudstenester. Frå januar og nokre veker framover deltok førarpatrulja i Folkets kystvakt som vart oppretta av Bellona i samband med tankskipsforsliset ved Shetland. Me patruljerte strendene på Bokn. Heldigvis kom ikkje olja over Nordsjøen.

1993 var friluftslivets år, og ekstra mykje av speidinga vår foregjekk ute. Og me hadde fire spesielle prosjekt. i samband med dette. Det var:
1. Utsetjing av fuglekassar.
2. Helgetur til Vågholmen med Tysvær-speidarane som gjester. Det var forresten andre gongen me hadde

helgetur til Vågholmen. Kvar gong har me kvista skog, slik at vegen og dei gamle handelshusmurane er blitt tilgjengelege. Dessutan er det råd å gå gjennom skogen frå bryggjene i sundet til Hummaparken. Sjølsagt var Sigwart Våga på plass og fortalte soga om Vågholmen som senter for lakse- og hummareksport og handel i det forrige århundret. Kultur på sitt beste.

3. Tilrettelegging av St. Hansfeiringa i Peralå.
4. Leirbålveld kor bygdefolket var invitert.

Turane er eit viktig element i speideringa. Det sveiser ungane saman, og ein får ta opp tema som ein ikkje har tid til på vanlege møte.

To av turane i 1993 gjekk til leirstader i ditriktet - ein til Rømningen i Tysvær og ein til Vigdarheim i Sveio. Programmet for ein slik tur kan i grove trekk vera slik:

FREDAG: ankomst og romfordeling - kveldsmat - uteleik kveldsandakt.
LAURDAG: Flaggheis - frokost - bibeltime - patruljeløp(dvs. patruljene løyer praktiske oppgåver frå speidarprogrammet på postar ute i naturen) - middag som ofte er pizza steikt på bål - leikeaktivitetar og fritid - kveldsmat - leirbål med eigenprodusert underholdning og kveldsandakt.

SØNDAG: Flaggheis - frokost - Scout's own (speidargudsteneste) - rydding og vasking - avslutning.

Annakvart år har me stor leir - kretsleir eller landsleir. I mellomåra arrangerar me leir/tur sjøl. Boknaspeidarane går då ofte til sjøs. I 1991 heitte skuta "Elida", i 1993 "Olav Østensjø Jr.". Det var Augustin Thuestad som ordna dette med "Olav Østensjø Jr." for oss. Mot å skrapa og mala litt på våren, fekk me låna skuta, og med Augustin som skipper bar det til Bergen. Ein kjempetur sjøl om det regna det meste av tida, og det berre var tolv koyer ombord mens speidarane talde over 30.

Ja, dette var litt om speidaren og om speidaråret 1993. Me vil til slutt få takka for den støtta me har i bygda - økonomisk og i forbøn. Spesielt vil me takka Augustin som gjorde Bergensturen muleg. Takk og til vår trufaste kasserar Bertha Våge. Bokn Bygg må og nemnast for dei heilt spesielle prisane dei brukar når me kjøper noko til speidarhuset.

Og toget går vidare og utfordringar ventar. I 1994 skal me halda fram med oppfiksing av huset - innlegg av vatn - eit par nye telt treng me før landsleiren og kanoar står høgt på ønskelista. Og du kan framleis få støtta oss. For me treng det. Den 22. februar har me basar på bedehuset. Ta fri frå OL den kvelden og fyll lommane med gryn og kom på basaren.

Speidarhelsing
Leiv Våga

BOKN KOMMUNE OMORGANISERER

KULTUR OG BARNEVERN TIL SKULEETATEN FRÅ 1994

I det siste møtet i 1993 vedtok kommunestyret som ei mellombels ordning at ansvaret for kulturetaten administrativt vart lagd til skuleetaten. Rektor for musikkkulen vert leiar for kulturetaten.

Vidare vart det vedtatt som ei mellombels ordning at barnevernet administrativt vart lagd til skuleetaten.

Barnevernpedagogstillinga i Pedagogisk psykologisk teneste vart endra til leiar for barnevernet.

Vidare vart det vedtatt å setja ned eit utval for å vurdera den politiske organiseringa av Bokn kommune. Det vert formannskapet som vil fungera som utval, og rådmannen vil vera sekretær for arbeidet.

Formannskapet skal setja ned eit anna utval som skal utarbeida eit framlegg til ny administrativ organisasjon for kommunen. Denne vil då måtta tilpassast den politiske organiseringa.

Bakgrunnen for vedtaka er fleire. For det første kom det ny kommunelov som vart gjeldande frå 1. januar 1993 og endringar i særlovgivinga for kommunane frå 1. januar 1994 som i stor grad gir kommunane fridom til å organisera

den politiske og administrative verksemda si slik det passar best for den einskilde kommunen.

Frå januar 1994 er det frivillig for kommunane å oppretthalda særnemnder som helse- og sosialstyre, kulturstyre, skulestyre og barnehagenemnd m.v. Imidlertid er det framleis nokre få nemnder som kommunane må ha. Dette er m.a. eldreråd, valstyre og kontrollutval. Det må også vera eit fast utval for plansaker.

Reint administrativt er kommunane pålagde å ha administrasjonssjef (rådmann). Alle kommunalt tilsette er etter lovendringane underlagde rådmannen sin interne instruksjonsrett etter prinsippa i kommunelova. Rådmannen vil vera formelt ansvarleg for at den einskilde særlova vert forvalta og praktisert på ein forsvarleg måte. Formannskap og kommunestyret vil ha det overordna ansvaret at dei ulike kommunale tenestene.

Elles er lovpåbodet om å ha skulesjef fjerna, og det er heller ikkje krav om bestemte etatsjefstillingar.

Når det gjeld det arbeidet som skal starta for utarbeiding av nye planar for politisk og administrativ

organisering, bør dette vera klart før sommaren 1995, slik at det kan tre i kraft frå ny kommunestyreperiode hausten 1995.

Omorganiseringa innan kultur og barnevern har bakgrunn i ovannemnde nye lovar, pluss ein del andre forhold. M.a. har barnevernpedagogen i Pedagogisk psykologisk teneste i Bokn dei to siste åra hatt ein kombinasjonsstilling i barnevern/PPT som ei forsøksordning ved at kommunen fekk ekstra statstilskot til dette. Ein har på grunnlag av erfaringar frå dette konkludert med at barnevernet er best tent med å liggja i nær tilknyting til PPT/skule/barnehage og kultur. Ein meiner også at ein ved dette får ei best muleg utnytting av ressursene.

Også når det gjeld kulturetaten fann ein det formålstenleg å endra tilknytingsforma frå helse- og sosialsjef og til musikkskulerektor.

Musikkskule og andre kulturaktiviteter er nært knytte til kvarandre, og ein trur at dette vil styrka kulturlivet i kommunen. Samla sett vil aktiviteten i musikkskulen måtta bli noko redusert til fordel for andre kulturaktiviteter.

Frå 1. januar 1994 er det altså ikkje sosialkontoret som er rett adresse for barnevern og kultur. Eva Moi Eikje ved Pedagogisk Psykologisk Teneste er leiar for barnevernet, medan Jardar Havikbotn er leiar for kulturetaten. Begge funksjonane ligg såleis inn under skuleetaten.

MINNEORD

Arvid Kristoffer Håland er død, 59 år gammal.

Han var fødd og oppvaksen i Føresvik. Foreldra var Anna og Kristoffer Håland. Arvid var yngst av 3 søskener.

Heilt frå han var gutunge var Arvid med faren som hadde lastebil. Alt i skulealderen var han på fritida med faren for å opna og lukka grindane når han kjørde mjølkeruta rundt Bokn. Seinare var han med i arbeidet med å lasta og lossa mjølk og varer på og av bilen, og etter kvart kjørde han sjølv lastebilen heilt fram til han

begynte som sjåfør på den kommunale bussen hausten 1965. Tidlegare tok han også del i vintersildfisket.

Arvid var med i kommunestyret i ein periode.

Arvid var gift med Oliva. Dei har ein son og to barnebarn. Både ektefelle barn og barnebarn lever etter Arvid. Det gjer også dei to syskena hans.

Arvid Håland vart p.g.a. sjåførarbeidet sitt i Bokn kjend med svært mange. Han var trufast i arbeidet, og kom godt overens med folk.

SIKRARE SKULEVEG

FORTAUET FRÅ ALVESTAD TIL SKULEN FERDIG I VÅR

Omkring 0,5 km. av det fortauet som går frå området ved Bokn skule fram mot Alvestadkroken er ennå ikkje ferdig. Men om to-tre månader vil ein kunna sjå endring.

Ved vegvesenet sitt kontor i Haugesund vert det opplyst at dei vil setja i gong arbeidet med den gjenståande delen slik at det står klart til asfaltering etter påske. Det vil seia ein gong i april.

Som dei fleste kjenner til er det betydeleg auka trafikk av store kjøretøy og bussar på vegstrekninga

mot Føresvik etter at Bokn vart landfast. Vegen er tildels smal med høge sidekantar. Skulebarn og andre "mjuke" trafikantar vil få ein mykje sikrare veg når fortauet er ferdig. Det er ikkje berre rett før og etter skuletid dette gjeld, men også på ettermiddag og kveld når det er fritidsaktivitetar i skulebygget, på idrettsbanen eller i Boknatun. Også eldre er ofte blant dei som ferdast til fots eller på sykkel på denne strekninga, og dei vil også merka at det vil bli tryggare å ferdast på denne strekninga.

ÅRSMØTE I SENTERPARTIET

Senterpartiet hadde årsmøte den 12. november. Partilaget har 43 medlemmer, noko som har vore stabilt gjennom året.

Rekneskapen syner kr. 19.271,- inn og kr. 19.408,- ut. Laget har ei eiga på kr. 11.735,-.

Leiaren Sigvart Våga nekta attval og til ny leiari vart vald Sigrunn Hole Hosaas.

Styret er elles samansett slik:

Anne Marie Medhaug, nestleiar
Wenche L. Havikbotn, studieleiar



Alf Alvestad, kasserar
Daniel Thuestad
Rune Vatnaland
Osmund S. Våga
Som utsending til årsmøte i Rogaland Senterparti vart vald Trond Nedrebø. Elles er leiaren og formannskapsmedlemmene faste utsendingar.
Fyrste varamann til Stortinget, Ola S. Apeland var med på møtet og orienterte om aktuelle politiske saker.

Sigvart Våga.

BOKN PLAST VIL UTVIDA

Bokn Plast A/S har planar om å utvida produksjonslokala sine i Føresvik. Bedrifta har dei siste åra hatt produksjon av brønnbeskyttarar til Trollfeltet, og dagleg leiar Gunnar Eide seier at det er med tanke på nye offshore oppdrag at dei ynskjer nytt bygg. I dag kan dei ha dei problem med å utføra slike oppdrag ved fabrikken i Føresvik på grunn av

for små dimensjonar på produksjonslokala. Det planlagde nye produksjonslokalet er tenkt plassert vegg i vegg med nåverande fabrikk ut mot Boknasundet. Det er planlagd 46x20 m. grunnflate og ei høgd på 16 meter. Det vil såleis bli eit nokså ruvande bygg i forhold til dagens bygning som er 8 meter høgt.



RESTAURANT OG SELSKAPSLOKALE PÅ ARSVÅGEN?



asplan

2. etasje i terminalbygget på Arsvågen kan nå bli sett i stand og utbygd til selskapslokale/restaurant. Bokn kommune har i drøftingar med ulike instanser fått tilslagn om at både Vegsjefen og Tungenes Ferjeterminal kan vera medspelarar i eit samarbeid med kommunen for å utnytta 2. etasje i terminalbygget.

Totale kostnader vil bli rundt kr. 600.000.

Det har dei siste åra vore etterspørsel etter eit skikkeleg selskapslokale

både til lokale brukarar og tilreisande. Dersom ein nå kan få til fleksible lokale som kan brukast både til mindre og større samlingar, vil dette bli møtt med glede av mange som i dag må leiga lokale andre stader. Også reiseselskap o.l. har etterlyst stader kor dei kan stoppa og få seg eit måltid mat.

Det er ikkje endeleg avgjordt om og når prosjektet skal realiserast, men det er nok vilje frå kommunalt hald til å få det gjennomført så fort som muleg.

EIVIND ØVREBO FEKK KULTURPRIS

Eivind Øvrebo fekk Bokn kommune sin første offisielle kulturpris overtekt ved Luciafesten for juli.

Han fekk prisen særleg p.g.a. eit stort frivillig arbeid i ei årekke med å ta vare på kulturmiljø in a. i form av mykje arbeid nedlagd i Bokn forlikermuseum. Prisen var ein fint bilde på silke som var laga ved hjelp av ei rekke teknikkar av Solum Alvestad. Det var med motiv frå sildafiske ved Solholmane. I tillegg fekk han diplom teikna av Kristine Vämaland og blomar.

BLIR DU MED PÅ MILJØDUGNAD ?

Er miljøproblema verda strir med fjernt frå livet på Bokn ? Ureining av luft og vatn, øydelegging av ozonlaget, drivhuseffekten, utarming av jorda og utrydding av artar... Angår det oss ?

BLI MED PÅ 90-ÅRAS MILJØ- DUGNAD



Ingan kan gjere alt -
men alle kan gjere litt.
Slik går vi saman om
å løyse miljøproblema.

Dei globale problema er ikkje anna enn summen av alt det som skjer lokalt ! Kvar og ein av oss kan gi viktige bidrag. Dersom alle gjer litt vil det monne, og gi gode vilkår for dei som skal leve her etter oss også.

"Miljøheimevernet" gir oss enkle tips til korleis vi i kvardagen vår kan belaste miljøet vårt minst mogleg.

Ta ein kikk på "handlingsarket" på midtsida. Her er 32 tips/oppgåver til kva du som privatperson kan bidra med for å betre miljøet. Klarer du fem av desse oppgåvene ??

Midtsida med kryssa dine kan du henge opp på oppslagstavla e.l. Svarsippet kan du klippe ut og sende inn. Då vil du også få tilsendt hefte "Bit for bit" som gir deg litt forklaring omkring oppgåvene. Du får også tilsendt eit nyhetsbrev fire gonger i året med fleire tips m.a. lister over produkt som blir tilrådt og frårådt.

* Miljøheimevernet er ingen organisasjon, men ein dugnad som frivillelege organisasjonar i landet står bak jmf. illustrasjon på sida

* Du blir ikkje medlem, men deltakar (det kostar ingenting)

* Du skriv ikkje under på noko politisk program

* Navnet ditt blir ikkje gjeve vidare eller bruk til anna enn å sende informasjon til frå miljøheimevernet.

Vil du vite meir ? Ta kontakt med Marit Markhus eller Olaug Askeland.

MINST 5 KRYSS - OG DU ER MED!

Finn dine oppgåver på handlingsarket. Er du nybyrjar, vel du minst fem oppgåver. Mange vil sikkert klare fleire. Det viktigaste er å kome i gong!

90-ÅRAS DUGNAD

Eg er med

Eg er med på 90-åras dgnad;

Miljøheimevernet. Eg startar med dei punkta eg har kryssa av på handlingsarket. Eg trur eg vil klare meir når eg er kome i gang.


EG VIL REDUSERE SØPPELPROBLEMET VED Å:

- kjeldesortere papir og glas
- 
- kompostere mat- og hageavfall
- 
- samle spesial-avfall og levere det til eigne mottak
- reparere øydelagde ting framfor å kjøpe nye

- levere brukte sko, klede og utstyr til loppemarknad, bruktbutikk e.l.
- velge produkt av resirkulerte materiale når slike finns
- stoppe postkasse-reklamen
- unngå produkt med overdriven innpakking
- 
- unngå eingongsprodukt (som t.d. papirbleiar)



EG VIL REDUSERE ENERGIFORBRUKET HEIME VED Å:

- senke innetemperaturen med minst ei grad
- installere sparehovud til dusj og kraner
- kjøpe energisparande lyspærer
- 

EG VIL TA VARE PÅ NATURARVEN VED Å:

- setje opp fuglekasse
- invitere nokon til å dele ei naturopplevelsing med meg
- hauste av spis kammeret i naturen
- bruke natur- og friområde i nærmiljøet
- 

EG VIL REDUSERI MILJØPROBLEMA BILKØYRING VEI

- unngå bil til persontransport på avstandar under 2 km
- køyre minst 5% kortare med bil enn før i få gjort miljøsjel ein gong i året
- organisere kamkøyring til jobb fritidsaktiviteta
- unngå tomkjøyi
- 

EG VIL LAGE N UTSLEPP AV M ØYDELEGGAN STOFF VED Å:

- unngå trykki trematerialar
- berre kjøpe kikkje skal rei ikkje bruke s i hagen
- unngå produkt og innpakking av klorplasten PVC
- berre bruke klorfritt papir
- ikkje bruke reingjering
- 

90-ÅRAS DUGNAD

Eg er med

Eg/vi vil ta del i dugnaden ved å prøve dei oppgåvene eg/vi har kryssa av.

Strek under den/dei som skal ha posten frå Miljøheimevernet.

Namn:

Adresse:

Postnummer: Poststad:

Fødselsår:

Yrke/bransje:

Andre deltakarar med same adresse:

1 Namn:

Fødselsår:

Yrke/bransje:

2 Namn:

Fødselsår:

Yrke/bransje:

3 Namn:

Fødselsår:

Yrke/bransje:

Eg kan tenke meg å bli kommunekontakt og ynskjer meir informasjon:

Namn:

Tlf. arb: Tlf. priv:

BESTILLING

Ver venleg send meg

- eks. av denne brosjyren
- eks. av "Bare lapskaus?" (Handbok i kjeldesortering) - kr. 50
- eks. av "Ren jord!" (Handbok i heimekompostering) - kr. 50
- eks. av "Grønt kontor" (Rettleiingshefte) - kr. 75
- eks. av "Grønn skole" (Rettleiingshefte) - kr. 50
- eks. av "Grønne familiér" (Tipshefte) - kr. 50

Ekspedisjonsgebyr kr. 35, kjem i tillegg.

EG VIL OGSÅ YTE MITT VED Å:

- spørje etter økologisk dyrka frukt og grønsaker i butikken
- foreslå ein betre miljøprofil på jobben (Grønt kontor, Grøn skule)
- betale ein frivilleg "miljøskatt" ved å bli fast gjever til ein bistandsorganisasjon
- få to av dei eg kjenner med i Miljøheimevernet
- gjennomføre ein eigen ide:



**Miljø
heim
vernet**
90-ÅRAS DUGNAD

D

t bilen

DRE

gnerte

som

temiddel



valdige
del

Kan sendast
utfrakket i
Noreg.
Adressaten
betalar
portoen.

SVARSENDING
Avtale nr. 109000/8

MILJØHEIMEVERNET
GRÜNERLØKKA POSTKONTOR
0505 OSLO

IDRETTSLAGET FEKK KVINNELEG FORMANN

Ved årsmøtet som Bokn Idrettslag hadde den 19.januar i år vart desse valde i det nye styret:

Formann: May Jorunn Vatnaland

Nestformann: Rune Øvrebø

Kasserar: Trond Almås

Sekretær: Oddrun H. Nilssen (ny)

Materialforv: Steeven Høyland

Rep.Ungd.avd: Arne Hosaas

Varamedl: Ragnhild Trosnavåg (ny)

Odd Magne Olaussen

Inge Birkeland

Etter styret sitt ynskje er det danna eit utval for 4-bruersløpet/marsjen:

Rune Øvrebø (frå styret)

Gunnar Bokneberg

Otto Fostenes

Arild Nilssen

OL-mars blei arrangert 23.01.94.

Heile 20 personar deltok til tross for ufyseleg ver. Marsjen blei sett opp igjen 30.01 for dei som ikkje trossa veret.

Idrettslaget ventar på klarsignal frå kommunen om at grusbanen ved badeplassen kan realiserast.

Idrettslaget kan stilla på dugnad. Dei ynskjer også lys til ev. grusbane, f.eks. ved å flytta lys frå grasbanen ved skulen.

Det blir meir om idrettslaget i neste nr.

SLEKTERS GANG

Fødde:

24.06.93: Jan Inge Eide og Kristin

Are: Silje

24.06.93: John Arne Olsen og Unni

Vågshaug Olsen: Fredrik

06.08.93: Helene Olaussen:

Alexander Tor

Charlotte Emelie

26.11.93: Arild Kjetland og -Annette

Bokneberg: Karina

13.10.93: Dag Atle Øvrebø og Gry

Kvinnesland Øvrebø: Åse

29.12.93: Ronny Taraldlien og

Elisabeth Gundersen: Jente

Døde:

03.06.93: Ellen Louise Gundersen

25.06.93: Dagny Bokneberg

26.09.93: Bertha Serine Øvrebø

26.11.93: Torleif Bokneberg

19.12.93: Arvid Kristoffer Håland

KJÆRE

SANITETSMEDLEMMER

I år vil me senda ut bankgiro til medlemskontingenenten til alle medlemmene. Enkelte av oss har gått rundt med kontingenenten og ikke alltid funne folk heime, og då blir det litt trått å gå på nytt. Så då blir det at me heller betalar av vår eiga lommebok. Og det kan jo lett bli ein del.

Me er klar over at det nok blir nokre som kanskje ikkje vil betala, men me prøver likevel. Me håpar de har forståing for dette, og framleis støtta opp og vera medlemmer. Me er svært glade for nye medlemmer også.

Beste helsing frå oss i styret.

BOKN HANDELSLAG SLUTTAR MED KREDITTSAL

I eit rundskriv til husstandane i Bokn etter nyttår opplyser Bokn Handelslag at frå 01.01.94 sluttar handelslaget med å selja daglegvarer på kredit. Det har vore ei vanleg ordning hos daglegvarebutikkane i Bokn å selja daglegvarer på kredit. I rundskrivet grunngir handelslaget vedtaket om å slutta kreditsalet på daglegvarer med at det er ei alt for

arbeidskrevande ordning. Heretter må alle som handlar daglegvarer ved Bokn Handelslag betala kontant. Dei som forskotsbetalar varene, kan likevel halda fram med å føra varene.

Verken Austre Bokn Handelslag eller Steinar Alvestad har planar om å stoppa kreditsalet på daglegvarer dette året.

BOKN FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : Kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : Kl.16.00 - 19.00

FORSDAG : Kl.10.00 - 13.30

LESETIPS



BARN OG UNGDOM


Horgar, Fartein;
Robin og trompeten



Saanum, Kari;
Herr Alkabars nese



Sverdrup, Kari;
Hjemme er et annet sted



Thorstad Hauger, Torill;
Håkon og Kristin

VAKSNE

Ballard, Graham;
Kvinners vennlighet

Burgess, Anthony;
Den mekaniske appelsin

Colette;
Sido

Ponce de Leon, N.B.;
Greven av Molukkene

VIKTIG!

Som dei fleste kanskje veit blir bøkene lagt inn på data.
For at eg skal få registrert alle, er det svært viktig at
bøker som er lånt ut på overtid kjem inn straks.



LEDIGE BUSTADTOMTER

Under forutsetnad av kommunestyret si godkjenning av vidare opparbeiding av bustadfeltet ved Hålandssjøen vi 6 nye kommunale tomter vera byggjeklare ca. 1. mai 1994. Ordinær tomtepris er kr. 65 pr. kvadratmeter, men viss det vert bygd bustad med livsløpsstandard er prisen kr. 32,50 pr. kvadratmeter.

I tillegg til tomteprisen skal det betalast tilknytingsavgifter for vatn og kloakk samt oppmålingsgebyr - til saman ca. kr. 20.000,-.

Interesserte kan venda seg til Bokn kommune for tildeling av kart som viser ledige tomter.

Søknad om tomt må vera sendt innan den 25.02.94.

Samstundes gjer ein merksam på at Bokn Bygg A/S har fått tildelt 5 tomter på det same feltet. Tre av desse tomtene er byggjeklare. Interesserte kan venda seg direkte til firmaet for nærmere informasjon.

Viss fleire søker på same tomta blir tildelinga avgjort ved loddtrekking.

TEKNISK ETAT I BOKN



KONTROLL AV BRANNSLØKKINGSAPPARAT

Representantar frå firmaet Alf Lea A/S vil vera til stades ved Bokn Bygg A/S sine lokale på Hognaland tysdag den 8. februar mellom kl. 09.00 - kl. 11.00 for kontroll av kommunen sine brannsløkkingsapparat.

Private som ynskjer å få kontrollert brannsløkkingsapparat kan henvenda seg til same tidspunkt. Apparatet må merkast med namn.

Dei som ikkje har høve til å levera apparatet tysdag, kan levera det på brannstasjonen måndag mellom kl. 18.00 - kl. 19.00. Det vil vera ein person til stades som tar imot.

BRANNSJEFEN



"KULTURVELDAR"

Eg vil gjerne setja i gong med slike kveldar dersom det er interesse for dette i bygda. Her fylgjer nokre idéar om korleis dette kan avviklast :

Staden for desse kveldane blir skulen; sløydsal, tekstilrom og kjøkkenet. Planen er å få til eit vaksent miljø rundt forskjellige aktivitetar. Her skal me leggja vekt på det sosiale samtidig med at du har mulighet til å læra ting.

Det skal koplast inn fagpersonar som kan visa ting, og fleire er allerede klare til å byrja. Dette blir ikkje noko typisk kurs. Forma på desse "kulturkveldane" er det deltagarane som avgjer. Kveldane blir baserte på at dei interesserte tar med materiellet heimefrå, eller at personane kjøper inn og utgiftene blir fordelt etterpå.

Aktivitetar kan vera :

- * Flaskeskutebygging
- * Laga tiner/esker
- * Laga knivar
- * Rep. av fiskeredskap
- * Laga "Tradisjonsmat" (lefsebaking, potetskaker m.m.)
- * Konditor-kveldar (f.eks. pynting av kaker)
- * Rosemaling
- * Porselensmaling

Me steller i stand ein "kafè" kor dei som er med m.a. smakar på maten som er laga den kvelden. Dette skjer i ein felles pause.

Dei som er interesserte i dette skriv, ringjer eller kjem innom kulturkontoret på skulen. Eg må vita kva slags aktivitet du vil vera med på. Du må sjølvsagt også koma med andre idéar til desse "kulturkveldane". Førrebels aldersgrense er 18 år.

Denne interessesemålinga vil foregå fram til 11. februar, og vil du vera med å få dette i gong må du gi meg eit vink før den datoен.

Eg vil då seinare kontakta dei påmelde m.h.t. interesseemålinga, dag og tid, osv.

Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

BOKN DISKOTEK

I den seinare tid har Bokn Diskotek vore plaga av dårlig økonomi. Ved inngangen av året 1993 hadde me ubetalte reknigar for rundt 15.000 kroner, men takka vere god kontakt med kreditorane blei oppgåva med betaling lettare.

I løpet av 1993 har me hatt stadige uhell. Musikkanlegget er støle to gonger, og med har hatt eit lite branntilløp. I sommar var me uheldige med veret når det gjeld arrangement på "Plattingen". Me synes heller ikkje at dansen me arrangerte i september holdt det me lova. Det er dermed ikkje sagt at me har hatt eit dårlig å. Tvert imot.

Samarbeidet mellom styremedlemmene, fritidsleiar, fritidsklubb, kommunetilsette og andre som har gitt ei hjelpende hand har fungert veldig bra. Det bør også nærmast at me har fått eit veldig bra forhold til ungdomen i dei nærmaste delene av Tysvær. Dei kjem til diskoteket meir og meir.

Me gjekk inn i 1994 med eit overskot på over 8.000 kroner. Me hadde ein bra desembermånad, kor me m.a. hadde eit snitt på over 80 besøkjande på dei tre siste arrangementa.

Resultatet blei at me nå har investert i eit flott lysanlegg.

Utover 1994 kan me lova mange overraskelsar til dei som kjem.

Mellom anna OL-diskotek laurdag 12. februar. Me planlegg også ein ny dans laurdag 5. mars - med litt spesiell vri, til glede for dei vaksne.

Det er nå lagdt ut nye medlemskort a kr. 100 som varer ut 1994. Fordelen med medlemskort er at ein kjem inn til sterkt reduserte prisar på arrangementa. Det blir som vanleg "Moro utan rus" kvar fredag, og diskotek annan kvar laurdag. Me håpar at ungdomane nyttar seg av denne ordninga, og ikkje reiser til f.eks. byen to helger på rad, og deretter kjem til oss og masar om kvifor me ikkje har oppe.

Bokn diskotek har ope:

29. jan., 12. febr., 26. febr., 12. mars.
Sjå oppslag!

"FREDSAVTALE" MED NEDSTRAND?

Boknarane har ved fleire dansar dei siste åra opplevd bråk og konfliktar med nedstrandsbuen. Eg har snakka med ein sentral person i "Nedstrandsgjengen" som seier dei ynskjer å få slutt på bråk og konfliktar med boknarane på dansane.

Eg vil derfor oppfordra boknarane til å medverka til at me får slutt på desse tumultane, slik at me kan vera saman på dans med dei utan at det blir bråk. Dei ynskjer å ha eit bra forhold til oss.

Med helsing
Bjørn Jøsang
formann i diskotekstyret

(Siste del av innlegga er noko nedkorta)

SAMMEN FOR TUZLA

AKSJON ROGALAND - BOSNIA

Bokn formannskap har nyleg løyvd kr. 1.550 til denne aksjonen som er ca. kr. 2 pr. innbyggjar i kommunen. Aksjonen har bede alle Rogalandskommunar om å bidra med kr. 2 pr. innbyggjar, pluss at kommunen må vurdera om dei kan medverka til at det blir tatt private/offentlege initiativ i eigen kommune til støtte for innsamlinga

Er det nokon organisasjon eller lag/forening t.d. blant barn/ungdom eller andre som har lyst til å samla inn pengar til Tuzla-området i tidlegare Jugoslavia? Bokn kommune kan i så tilfelle gi opplysningar om aksjonsleiinga si adresse i Stavanger.

BOKN BRASS

TAR EIN PAUSE

Etter å ha holdt på samanhengande sidan 1980 tar korpset seg no ein pause fram til hausten 1994. Det er pr. i dag for lite folk til å halda eit korps i gong.

Vidare ber me tidlegare medlemmer som har instrumenter, rekvisita o.l. heime om å levera det til Jardar på skulen. Dette gjeld altså ikkje dei som har vore aktive til no.

MØTEPLAN FORMANNSKAP

25.JANUAR	22.FEBRUAR
15.MARS	26.APRIL
24.MAI	28.JUNI
16.AUGUST	20.SEPTEMBER
11.OKTOBER	01.NOVEMBER
22.NOVEMBER	

KOMMUNESTYRE

08.FEBRUAR	12.APRIL
14.JUNI	06.SEPTEMBER
25.OKTOBER	13.DESEMBER

Alle møte startar kl. 19.00 dersom ikkje anna er bestemt.
Kommunestyremøtet 13. 12.94 er kl. 17.00. Alle møte er i kommunestyresalen på Boknatur, og er opne for publikum



BOKN KOMMUNE
MUSIKKSKULEN
4290 BOKN
Tlf. 52 74 85 00


SAXOFON

Det er for vårsemesteret 1994 ledig ein elevplass på saxofonundervisning. Pr. i dag er det 3 andre som spelar dette instr.

Dag, tid og stad er mondagar kl. 15.00 på Bokn skule. Du får 30 min. eine-undervisning.

Prisen er kr. 765,- og lærar er Evy Guggedal.

Det blir ikkje krevd nokon førekunnskaper. Interesserte tar kontakt med musikkskulen.


Jardar Havikbotn
- rektor -



BOKN KOMMUNE

PLASS I BARNEHAGEN FRÅ 01.08.94

Søknadsfrist for plass i barnehagen frå 01.08.94 er 1. mars 1994.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til skulekontoret.

Skulesjefen i Bokn

FØDSELSFØREBUANDE KURS

Me vil starta kurs i midten av februar.

Kontakt helsesøster for nærmere opplysningar i tlf. 52 74 85 00 tysdagar mellom kl. 09-11.30.

Helsing Eva.

BARNETRIMMEN

Me starta ny vårsesong 11.01.94.
3-5 år møter tysdagar 16.00-16.45
5-7 år møter tysdagar 16.00-17.30

"Gamle og nye" deltagarar er velkomne.

BIL

May Jorunn og Ragnhild

DAMETRIMMEN

Dametrimmen startar opp igjen onsdag 2. februar -94 kl. 20.30-21.30.

Nye og gamle medlemmer er velkomne.

- Vil du vera med så heng på.
Liv Lie blir ny ansvarleg leiar.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,-
1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

DANS
05.02.94. på Bokn skule kl. 20.30
Musikk: **SIMON & GARDSGUTEN**
arr: Bokn Idrettslag

MISTA
Opptrekkbart gullur mista i nov. 93.
Tlf. 52 74 84 50

BOKN MÅLLAG
Inviterar til konstituerande møte
fredag den 11. februar 1994 kl. 19.30
på Allrommet, Boknatun. Val av leiar
og styremedlemer. Kandidatar er
spurde på førehand.
Samtale om arbeidet framover.
Kaffi med noko attåt
Alle interesserte er velkomne
Helsing
Interrimsstyret

FOTPLEIE
Det vert fotpleie onsdag den 9.
februar.
Påmelding til sosialkontoret
tlf. 52 74 85 00



06.02. kl. 11.00: Høgmesse v/Osthus
Offer til Kyrkjetonar
20.02. kl. 11.00: Høgmesse v/
Ingeborg Matre
Offer til Sjøm.misj.

Takk for all oppmerksomhet på 60-
års dagen min.

Gunhild Sæbø

Hjarteleg takk for all oppmerksomhet
på 50 års dagen min.
Helsing Berit Are

Hjertelig takk for all
oppmerksomhet ved vår kjære
mor Olga Våges bortgang.

Hilsen Arne Våge m/familie.

Hjertelig takk for all deltagelse,
medkjensle, blomster og helsingar
ved vår kjære Arvid Kristoffer
Hålands bortgang.

Oliva, Roar m/fam.